



Gismervik Arkitekter
Postboks 222
4291 Kopervik

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/337 - 23/299

Sakshandsamar:
Tore Svendsen

Dato:
18.01.2023

Søknad om igangsetjingsløyve for garasje - Gnr 169 Bnr 231 m fl. Mulevegen 120

Administrativt vedtak. Saknr: 001/23

Saksutgreiing:

Me syner til søknad om igangsetjingsløyve for garasje Mulevegen 120 gnr 169/231 m fl., motteke 18.01.2023. Søknaden om rammeløyve for tiltaket vart vedteke som sak 28/22, dagsett 30.08.2022. Bygningen går over to plan der plan 1 er 44.8 m² BRA og plan 2 er 28.1 m² BRA.

Søknaden viser at det skal monterast ny spyle- og stakekum samt stoppekran for vatn. Det skal leggjast inn vatn til utslagsvask/sløyebenk og avlaup frå desse vert knyta til eksisterande avlaupsleidning. Det vert ikkje montert golvavlaup.

Vedtak

Søknaden om igangsetjingsløyve for heile tiltaket vert godkjend slik søknaden motteke 12.01.2023 viser, på fylgjande vilkår:

- Garasjen skal ikkje nyttast som overnattingsstad.

Vilkåra sett i rammeløyve sak 28/22, skal framleis gjelda.

Samnøy Maskin AS vert godkjend som ansvarleg PRO/UTF for grunnarbeida

Grunnmurspesialisten AS vert godkjend som ansvarleg UTF for betongarbeida

Mjelstad VVS AS vert godkjend som ansvarleg PRO/UTF for VVS arbeida

A. Helgeland Betong AS vert godkjend som ansvarleg PRO/UTF for tømmerarbeida

Vedtaket kan klagast på, jfr fvl § 28.

Med helsing

Tore Svendsen

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Endre Wiken

Slåttåvegen 24

4262

AVALDSNES

Mottakarar:

Gismervik Arkitekter

Postboks 222

4291

Kopervik